Samordning av rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak

# SLT Handlingsplan

2025-2027

Vedteke i politiråd desember 2024

**SLT-modellen**

SLT-modellen er ein modell for å samordne rus- og kriminalitetsforebyggande tiltak for barn og unge. Gjennom å koordinere informasjon, kunnskap og ressursar mellom kommunale aktørar og politi, og frivillige organisasjonar, skal modellen fremje gode og trygge oppvekstvilkår.

SLT- koordinators arbeid kan i grove trekk beskrivast slik:

- Innhente informasjon og kunnskap om oppvekstmiljøet
- Kartlegge utfordringsområder
- Samordne, systematisere og koordinere tenestene
- Vurdere og initiere tiltak
- Strukturere arbeidet
- Evaluere
- Dokumentere

**Nivåa i SLT modellen**

**Nivå 1.**

SLT- Styringsgruppa

Politirådet er SLT styringsgruppa. Her deltek ordførar og kommuneadministrasjonen, samt SLT koordinator, geografisk driftseiningsleiar i politiet, politistasjonssjef og politikontakt.

**Nivå 2.**

SLT- koordineringsgruppe

Består av leiarar frå skule, vgs, politi, nav, barnevern, OT, frivilligsentralen, kultur og helse.

**Nivå 3.**

**Det utførande nivå**

Består av alle som arbeidar direkte med barn og unge i SLT-nettverket.

## SLT handlingsplanen

Formålet med SLT handlingsplanen er å samla tiltak som er retta mot rus- og kriminalitetsførebygging i Etne kommune. Den er med å synleggjer den felles innsatsen kommune og samarbeidsetatane gjer i høve målgruppa. Bakgrunnen for tiltaka er ofte basert på funn i Ung Data. Ung Data er ein ungdomsundersøking som rettar seg frå 5. trinn til 10. trinn. Her svara elevane blant anna på spørsmål og fritid, skule, rus, og vald, og gir ein god oversikt over situasjonen både lokalt og nasjonalt. Det er i hovudsak SLT koordineringsgruppa som vel ut satsingsområde ut i frå Ung Data. Men også utfordringsbilete einingane ser i sin kvardag ligg til grunn for prioriteringane.

Planen blir årleg rapportert på, og revidert i politirådets møte i slutten av året.

## Situasjonsbilete

Slik ein tolkar rus og kriminalitetssituasjonen i Etne kommune nå, både kan og bør det primærførebyggande områdt prioriterast. Dette er det beste utgangspunktet for førebygging. Primærførebygging har best effekt og er kostnadssparande, både i kroner og ikkje minst menneskelege omsyn. Med fokus på det primærførebyggande når ein alle, noko som er viktig då ein ikkje på førehand alltid veit kven som kjem til å trenge det.

| Nr. | Målsetjing | Målgruppe | Tiltak | Ansvar for koordinering | Ansvar for gjennomføring | Tidspunkt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **1.** | Utsetje alkoholdebuten hjå ungdom. Meir medviten bruk av sosiale media og nett, samt kunnskap om psykisk helse, med fokus på primærførebygging. | 7. trinn, samt dei føresette. | 20 timars Undervisningsprogram. «Ung i Etne».<br>Inneber også to foreldremøte, der elevar deltar på det eine. | SLT koordinator | SLT koordinator<br>Skule/lærarar<br>Helsestasjon<br>Politi | Årleg.<br>Oppstart med lærarkurs, kick-off for elevar. Og gruppeleiarkurs i løpet av dei første vekene av året. Prosjektet skal vera ferdig før vinterferien. |
| **2.** | Halde fram arbeidet som vart starta i 7. trinn, med kunnskap og mål om gode haldningar knytt til rus, psykisk helse og nettvett. | 9. trinn, samt dei føresette | Ei utviding av (Ung i Etne 9.trinn) Ein skuledag, samt eit elev/foreldremøte på kveldstid. | SLT koordinator | Skule<br>Familieteamet | Årleg i mai |
| **2.** | Auka kompetanse og medvitsgjering om aktuelle tema retta mot deira livsfase og overgangen til vidaregåande skule | 10. trinn | «Ditt Val», 90 minuttars undervisningsopplegg for 10. trinn. | SLT koordinator | SLT koordinator<br>Helsestasjon<br>Politi<br>Skule | Fyrste veka etter påske |
| **3.** | Bidra til ein vellykka integreringsprosess for flyktningar som gjennomfører introduksjons-program. | God kjennskap til norsk straffelovgiving. | Undervisning som ein del av introduksjonsprogrammet | Integreringstenesta | Politi | Veke 9 |
| **4.** | Førebyggje radikalisering og ekstremisme. | Personar og yrkesgrupper som er i kontakt med unge og vaksne som står i fare | Handlingsplan mot radikalisering og ekstremisme | SLT koordinator | SLT koordinator | Kvart 3. år. Neste gong i 26. |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | for å utvikle radikale og ekstreme haldningar. | | | | |
| **5.** | God oversikt over utviklingstrekk og situasjonsbilete av ungdomsmiljøet i Etne kommune. | Ungdomsudersøkinga vert gjort frå 5.-til 10.trinn. Resultata vert formidla til aktuelle einingar i kommunen, samt elevar | UngData | SLT koordinator | Skule<br>SLT koordinator | Kvart 3. år. Neste undersøking i 2027. |
| **6.** | Trygg og inkluderande russefeiring for 10. trinn, med målsetjing om å utsetje alkoholdebut. | 10. trinn | !6.mai fest. Kommunen sponsar 10. trinn med midlar, og oppmodar til å arrangere eit felles rusfritt arrangement for trinnet den 16. mai. Kriteria blir satt og evaluert av koordineringsgruppa. | SLT koordineringsgruppa | Foreldre/føresette | 16. mai |
| **7.** | Samordne rus og kriminalitets-førebyggande tiltak. Initiere satsingsområde. Oppdatert kunnskap om ungdomssituasjonen | Eining helse<br>Eining kultur<br>Barnevern<br>NAV<br>Politi<br>OT tenesta<br>Ungdomsskulane<br>Vidaregåande skule | SLT koordineringsgruppe (tidlegare SLT arbeidsutval) | SLT koordinator | SLT koordinator | 6 x 1,5 time i året |
| **8.** | Godt alkovett blant vaksne i Etne kommune. | Auka bevisstheit rundt bruk av alkohol, særskild i nærleiken av born, men også dei 7 | Minimum 2 kampanjar årleg. | Av-og-til | Av-og-til koordinator<br>Felles Av-Og -Til team med Vindafjord kommune | Kontinuerleg |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | andre fokusområda til AOT. | | | | |
| **9.** | Felles kunnskap om utvikling av lokal rusmiddelsituasjon. | Fastlegane<br>Politi | Samhandlingsmøte | SLT koordinator | SLT koordinator | Årleg treffpunkt i november<br>Veke 46 |
| **10.** | Felles kunnskap om utvikling av lokal rusmiddelsituasjon. | Rustenesta<br>Helsestasjon | Samhandlingsmøte | SLT koordinator | SLT koordinator | Årleg treffpunkt i november<br>Veke 48 |
| **11.** | Her og nå- status. Kva skjer, skal skje? T.d. betre samkøyring, oppdaterte kontaktpersonar i ulike grupper, nye retningsliner, aktuelle reformar, lovendringar, og å kunne avdekke mangelfulle rutinar. | Kommuneoverlege, helseleiar, politikontakt og SLT koordinator | Arbeidsmøte | SLT koordinator | SLT koordinator | Ein time kvar 6. veke |
| **11.** | Sikre utveksling av kunnskap, informasjon og etablera sams oppfatning av lokalsituasjonen mellom kommune og politi i høve K-sak 020/09.<br>Eit av politiråda årleg saman med Vindafjord. | Kommuneleiinga, GDE, lensmann og politikontakt og SLT koordinator . | Politiråd | SLT koordinator | Ordførar | Mai og desember |
| **12.** | Legge føringar for SLT-arbeidet i kommunen gjennom oppfølging av SLT handlingsplanen | Kommuneleiinga, GDE, politistasjonssjef, | SLT styringsgruppe | SLT koordinator | SLT koordinator | Samkøyrt med Politirådsmøta |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | som er styringsdokumentet for arbeidet. | politikontakt og SLT koordinator . | | | | |
| **13.** | Festivalar med trygge rammer. Tiltak for å hindre overskjenking og skjenking av mindreårige, samt bruk av illegale rusmidlar | Festivalleiing<br>Politi<br>kommune | Festivalplanlegging | Politi | Politi | Vår |
| **14.** | Systematisk arbeid for å fange opp, og jobbe med barn og familiar ein er uroleg for. | Helse, skule, bhg. politi, SLT, kommune adm. | Bli Z- kommunegruppe | | | 4 gonger i året |
| **15.** | Kompetanseoverføring og erfaringsutveksling mellom SLT-koordinatorane i Sunnhordaland+ regionen. | SLT koordinatorane i Etne, Ullensvang, Fitjar, Bømlo, Sveio, Tysvær, Bokn, Haugesund, Karmøy, | Nettverkssamling for Sunnhordaland+ | SLT Nettverket | SLT Nettverket | Minst 2 treffpunkt årleg |
| **16.** | Nasjonal tilskotsordning for å inkludera barn og unge | Målgruppa i tilskotsordninga er barn og ungdom råka av fattigdomsproblem. I tillegg inngår deira familie i målgruppa når tiltaket retter seg | Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet | SLT koordinator | Bufdir | Årleg. Søknadsfrist vert gjort kjend av Bufdir. |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | mot kultur-, fritids- og ferieaktiviteter. | | | | |
| **17.** | Ei universell økonomisk ordning som skal stimulere til auka deltaking i organisert aktivitet blant målgruppa. | Barn og unge mellom 11-15 år, busett i Etne kommune. | Fritidskortet | SLT koordinator og kulturleiar | SLT koordinator og kulturleiar | Årleg |
| **18.** | Ei behovsprøvd økonomisk støtteordning som skal sikre barns deltaking i organisert fritidsaktivitet, uavhengig av familiens økonomiske situasjon. | Barn og unge mellom 0-24 år, busett i Etne kommune | Fritidskassa | SLT koordinator og kulturleiar | SLT koordinator og kulturleiar | Årleg |